



NVE region vest
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:
24/3137-3

Dykkar ref.:
202403713 05.03.2024

Saksbehandlar:
Oddbjørn Kåre Sellevoll

Dato:
14.03.2024

Uttale frå Sunnfjord kommune - søknad om mellombels fråvik av manøvreringsreglement Trollvatnet

Dykkar referanse 202403713-2.

Vi syner til høyring på søknad om å mellombels senke vasstanden i Trollavatnet ned mot LRV (kote 968.4) i perioden med fastsett sommar-LRV (kote 999,9).

For å halda ved lag krav fastsett i damsikkerhetsforskrifta, skal Eviny Fornybar utføra nødvendig tilsyn på hovuddam og sperredam i Trollavatnet. Dei må halda magasinet lågt for å gjennomføra ein inspeksjon av sidene av dammane. Det skal samstundes leggjast ut nytt utstyr for vasstandsmåling i magasinet. Nedtapping, senka vasstand og arbeid er planlagt i perioden 15.04.2024 - 01.10.2024.

Sunnfjord kommune ser at dette tiltaket er naudsynt for å stette krav i damsikkerheitsforskrift og for å utføre tilsyn og vedlikehald.

Trollavatnet ligg i eit svært viktig friluftsområde, nær Jostedalsbreen nasjonalpark. Den populære turstien opp Lundaskaret går forbi vatnet, og det vert, som omtalt i søknaden slik at turopplevinga vil bli negativt påverka av at reguleringssona blir tørrlagt i årets tursesong. Samstundes vil kløppene på turstien ved senka vasstand vere sikra mot overlaup, noko som i periodar har medført problem for turgåarar.

Sunnfjord kommune ser det som særst positivt at det ut frå søknad er planlagt å utbetre (heve) desse kløppene i same perioden, no sommaren 2024.

Sunnfjord kommune meiner elles at ut frå turinteressene knytt til turstien i Lundaskaret, så bør andre partar også få høve til å uttale seg/varslast. Vi veit blant anna om desse organisasjonane/verksemdene: Indre Sunnfjord turlag, DNT Sogn og fjordane og Lunde turiststasjon som har interesser i turstien i Lundaskaret.

Vi ser at det i søknad (Kap 5 konsekvensar for miljø og landskap) står at det ikkje er fisk i Trollavatnet. Ut frå vår kjennskap, så skal det vere fisk i Trollavatnet.

Med helsing

Joar Helgheim
einingsleiar

Oddbjørn Kåre Sellevoll
rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

NVE region vest	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
v/Ylva Bencze Rørå			
Statsforvaltaren i	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland			
Vestland	Postboks 7900	5020	Bergen
Fylkeskommune			

Vedlegg:

Mottakarar:

NVE region vest	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
-----------------	-------------------------	------	------